

## Høgt oppe i Hellas

Ina, Sam og onkel Ola vaknar opp i Athen, Hellas, i år 400 f.Kr.

«Å reise til verkeleg gamle dagar er kjedeleg,» seier Ina.

«Nei,» protesterer onkel Ola. «Denne tida er veldig spennande! Det var jo da menneska byrja å gruble på dei store tinga i livet. Det blir kalla filosofi. Filosofi er å stille viktige og riktige spørsmål.»

«Kva slags spørsmål?» spør Ina.

«Kven er eg? Kva gjer vi her? Kva er sanning? Kva er tid?» svarer onkel Ola.

«Ein kan jo bli svimmel av sånt,» seier Ina.

«La oss berre hente bokstaven til løysingsordet.»

Dei går ut av tidsmaskinen.

«Kanskje vi får møte dei tre store tenkjarane,» seier onkel Ola.

«Kven er det?» spør Ina.

«Sokrates, Aristoteles og Platon,» seier onkel Ola.

Dei treffer ein mann.

Han heiter Platon og stiller mange rare spørsmål.

Ina trur han har ein skrue laus.

Sam kviskrar: «Eg veit kva bokstaven til løysingsordet er.»

«Kva da?» spør onkel Ola.

«P for Platon,» seier Sam.



### Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 14.

Gjer oppgåvene 1, 2, 3, 4 og 5.